



## Driftstilskot til turløyper og skianlegg - Retningsliner for søknad

Søknadsfrist 1. september

Stryn kommune sett kvart år av midlar i budsjettet til drift av turløyper og skianlegg. Både idrettslag og private kan søkje om tilskot frå midlane, dersom dei kjem innanfor reglane som er vedteke for denne ordninga. Vedtak om driftstilskot til turløyper og skianlegg må avsetjast i komande års budsjett av kommunestyret i desember.

Drift av det statleg sikra løypenetet Bøanedsetra-Ullsheim-Tonningsetra på 16,1 km er unntake fra denne tilskotsordninga.

I tillegg til desse midlane har Stryn kommune kulturmidlar i budsjettet til drift av organisasjonseigde idrettsanlegg. Kulturmidlar har eigne retningsliner og søknadsfrist 15. mars.

### Vedtekne retningsliner :

#### 1. Kven kan søkje om tilskot

Eigar av ideelle skianlegg eller private aktørar som køyrer opp ski/turløyper (snø) på minimum 2 km, fast kvar vintersesong (ved snøtilhøve), samt eigar- og drivar av alpinanlegg og hoppanlegg.

- Anlegget må ligge i Stryn kommune, eller ha kommunen eller eit av idrettslagene i kommunen som medeigar.
- Anlegget skal vere ope for alle.
- Eigar- og drivar av anlegg som mottek driftstilskot kan ikkje ta ut utbytte. Eit ev. overskot skal gå attende til drift av anlegget og utviklinga av dette.

#### 2. Kven/kva kan ikkje tildelast tilskot

- Frivillig eller privat aktør som primært har anlegget som forretningsdrift.
- Anlegg som ligg utanfor kommunen og ikkje har kommunal tilknyting eller kan vise til ideell eigarskap til eit idrettslag i kommunen.
- Drift av statleg sikra turløyper.

#### 3. Krav til vedlegg

- Revidert rekneskap som syner driftsresultatet frå siste år
- Søkjær som har fått midlar av ordninga, skal legge ved ein rapport som klargjer bruken av midlar som vart tildelt. Rapporten blir vektlagt ved neste års tildeling.

#### 4. Generelt

- Med drift meiner ein oppgåver og rutinar som er nødvendige for at skianlegg og skiløyper skal fungere som planlagt, både funksjonelt, teknisk og praktisk. Med bruk meiner ein idrett og fysisk aktivitet som kan utøvast i anlegget.
- Søknaden skal leverast elektronisk på fastlagt skjema innan fristen, med dei vedlegg som er kravd for at søknad skal bli godkjend.
- Stryn kommune annonserer på heimesida, SOME og i Fjordingen om søknadsfrist 1. september, i god tid før fristen er ute. Fristen er absolutt. Søknad innkome etter frist vert ikkje handsama.
- Saka vert behandla i utval for samfunnsutvikling.
- Stryn idrettsråd har uttalerett i saka.